

Syklar for geofaga langs Andesfjella



FOTO: OLA SÆTHER

Det franske forskarparet *Oliver Gal-land* og *Caroline Sassier* (biletet) tar fri frå forskargjeringa i ni månader for å sykla frå byen Ushuaia på Eldlandet i Argentina til Lima i Peru. Han jobbar ved Physics of Geological Sciences på UiO, medan ho arbeider for selskapet

Volcanic Basin Petroleum Research i Forskingsparken. Under turen vil dei slå eit slag for geologifaget.

– Me ynskjer å visa at nesten alt me ser rundt oss opphavleg kjem frå jorda. Av byggjematerialar er det berre tre som ikkje har lege nede i berggrunnen før det blei tatt i bruk i betong, aluminium eller stål. Når me kjem til ein stad, vil me ta kontakt med ein lokal geolog, som vil visa oss dei geologiske særprega for det området.

– *Og korleis har de tenkt å formidla det de ser og opplever?*

– Me har oppretta kontakt med mellom anna Den franske skolen i Oslo. Dessutan skal me ha liknande kontakt med fleire skular i Frankrike. Målet vårt er at me skal skriva ein blogg om det me opplever kvar einaste dag, og ta bilete av det me observerer, fortel dei to.

– Me håpar så mange som mogleg vil fylgja med på turen vår og gå inn på bloggen vår på www.georouteandine.fr/English, seier dei til Uniforum.

Sykkelturen startar i Argentina i 21. november og vil altså vera over ni månader seinare.